

Langesund Rotaryklubb

Rotary
Møtereferat



Rotarymøte 27.11.2024 – veke 48 – Guvernørbesøk

President **Eva Boxaspen** ønske oss velkomne til møtet og nemnde at rotarytemaet for november er **Rotaryfondet** (*The Rotary Foundation*, forkorta RTF). Vi var 18 til stades, medrekna distriktsguvernør (DG) Einar Kallager frå Ulefoss rotaryklubb (RK), assisterande guvernør (AG) Turi Berntsen frå Porsgrunn RK og ein gjest.

Rolf Heimdal fortalde at han og kona Elisabeth nettopp var heimkomne frå ein tur til Vilnius, der dei gjesta vennskapsklubben vår, *Vilniaus karaliaus Mindaugo Rotary klubas*, som Langesund RK chartra i 2019. Han hadde med ei helsing frå klubbpresident Sandra Pavlova.



Deretter fekk **DG Einar Kallager** ordet. Han er opphavleg frå Modum, har vore rotarianar sidan 1984 og har praktisert som fysioterapeut og akupunktør på Ulefoss. Faktisk var han med på chartermøtet til Langesund RK i 1991. Han fortalde mykje interessant om Ulefoss RK og om rotary generelt – og rosa vår klubb. Ulefoss har to vennskapsklubbar, ein i Danmark og ein i Tyskland, som dei har nær kontakt med. Han framheva Langesund RK som ein mønsterklubb i Distrikt 2290 og kunne overrekke president Eva eit banner som prov på at vi året 2023–2024 – enda ein gong! – har flest medlemmer som faste givarar til Rotaryfondet – sjå bildet til venstre.

Vi avslutta møtet med **opptak av to nye medlemmer, Per Morten Hansen og Kim Wæhle**. No er vi 28! Steinar Skilhagen presenterte Per Morten og Rolf Theil presenterte Kim. **Per Morten** – fødd 1949, Herre-gut og ekte Herre-patriot – bur på Eik med kona Marit. Dei har to vaksne born. Etter å ha jobba i Saga Petrokjemi begynte han etter kvart i eit firma som gjorde bilar skotsikre. Per Morten likar klassisk musikk og har nærmast heile livet drive med jakt og fiske. **Kim** blei fødd i 1958 og voks opp på Nesodden. Han jobba i mange år i sportsbransjen og seinare i reklamebransjen. Han opptatt av kunst, arkitektur, design, lokalhistorie og mykje anna. Sidan 2021 har han budd på Smietangen.

Vi ønskjer dei velkomne i klubben og gler oss til å bli betre kjende med dei!

Langesund, 2. desember 2024,

Rolf Theil

